

# 1 MAI 1979 I KOPERVIK

I. mai er den internasjonale kampdagen til oss arbeidsfolk. Fagleg I. mai-front kjem difor til å arreangera eit I.mai-tog gjennom Kopervik sentrum.

Fagleg I.maifront blei danna på eit bpe møte i byrjinga av april, og me har hendvendt oss til SV og Åkra-komiteen om samarbeid I. mai ,men me har enno ikkje fått svar frå dei.

Me er inne i ei økonomisk krise, arbeidsløysa på Karmøy er ei av dei høgste i landet. Regjeringa har gitt oss lønnstopp, lønnsnedslag og nedskjeringar iden sosiale sektoren. Samogtoget i Kopervik vil bli ein valgkampoppmarsj for arbeiderpartiet.

Fagleg front toget stille parola: Mot regjeringas krisepolitikk-for frie forbunds-  
vise oppgjør i 1980- Fleire arbeidsplassar for ungdom på Karmøy.

I den siste tida har me kunna lesa om kreftfaren på koksverket i Mo i Rana. Desse gassane finn me mykje av på Hydro."Gjennvinningsanlegget" er ein av dei største forurensningskildene. Dette anlegget forurense aleina 10-15 gonger meir enn den grensa som er føreslått for desse stoffa. det er difor eit heilt rettmessigt krav at "gjenn-  
vinningsanlegget" blir stoppa til Hydro kan holda seg under faregrensa.

Få Kommunar har øydelt så mykje jord som Karmøy kommune.D en uansvarlege utbygginga på Åkra er eit godt døme på dette. Difor seier me: Karmøy kommune stopp utbygging på matjord.

I dei seks åra det har gått Fagleg Fronttog på Karmøy har den internasjonale solidariteten vore ein viktig del av toget. I dei siste åra har me sett koss sovjet har utvida områda sine. idag herjar dei over heile verda. dei dirigerar cubanske, etiopiske og vietnamesiske tropper i Afrika og Aasia. Usa dominerar framleis store områder dei prøver og å blanda seg inn der deikan. I. mai må det fram: Stø den palestinske og eritreiske frigjeringsrørslene. nei til Usa og Sovjets innblanding i andre land.

I tillegg kjem me til å ha med desse parolene:

Karmøy Kommune ta ansvaret bygg fleire dagheimar.

Nei til kristen formålsparagraf i barnehagane.

Husk "Holocaust"--forby "Norsk Front" For eit sosialistisk Norge.

Aldri har Alnor invistert meir i "miljøvern"--aldri har forholda vore verre-stopp

Gjennvinningsanlegget nå.

OPPMØTE VED RØDE KORS KL 12<sup>30</sup>  
TALE VED TERJE ASKELAND I PARKEN  
ETTER TOGET